

SAKSPROTOKOLL

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 15.12.2015:

1. Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan for åra 2016-2019 med følgjande endringar:

Det er behov for nytt mellomtrinn ved skulen på Gjerstad. Me ønskjer å prioritera, og forsera, dette prosjektet ved å investera totalt 57mill med oppstart snarast råd, seinast byggjestart 2018. Prosjektering og anbudsprosessar kan gjerast i 2017 og mykje av det ferdige forprosjektet for Tysnes skule kan nyttast vidare. Mellomtrinnet vert bygt som eige bygg og etter riving av gymsal skal det vera plass til å utvida ytterlegare om det skulle verta behov for eit småskuletrinn eller annan utviding ein gong i framtida.

Endringar i investeringsplanen for økonomiplanperioden 2016-2019:

Investeringar for trafikksikring og bygging av nytt bygg som mellomtrinn på Tysnes skule

2016	0,5 mill (Trafikksikring på Reiso)
2017	2 mill (Prosjektering og anbudsarbeid for Tysnes skule)
2018	45 mill (Mellomtrinn skulebygg, Tysnes skule)
2019	10 mill (Ferdigstilling mellomtrinn Tysnes skule)

Nye garderober på bassenget ligg inn med 8.5mill. Bygget vert lausrive frå eksisterande bygningsmasse. Det må søkjast om tippemidlar snarast mogeleg.

Rådmannen sitt forslag om investering som vert tekne vekk er:

Ny brannstasjon i Eredalen (3,7 mill)
Skatepark (100´)

2. Administrasjonen vert beden om å fremja følgjande saker i 2016:

- Administrasjonen vert bedne om å undersøkje støtteordningar for energibesparande tiltak på nye og eksterne bygg via Enova.
- Administrasjonen vert óg bedne om å førebu ei sak knytt til gjennomgang av det kommunale vegnettet med vurderingar knytt til eventuelle omklassifiseringar av veg.

3. Skatteøre vert sett lik høgaste sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

4. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert det vidareført i 2016 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen er for 2016 på 3,8 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2016.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritatt for eigedomsskatt. Ny oppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritatt etter eigedomsskatteloven § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareført.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.

5. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter i Tysnes kommunemed verknad frå 1. januar 2016 slik det går fram av følgjande vedlegg:

- a. Betalings- og husleigesatsar, opphaldsutgifter – Helse- og sosial 2016
- b. Betalingsatsar – oppvekstsektoren 2016
- c. Gebyrregulativ for Tysnes kommune 2016.

6. Kommunestyre gjer vedtak om opptak av lån i samsvar med investeringsplan for 2016.

Tysnes kommune vil i 2016 busetja inntil 14 flyktningar. Familiesameiningar kjem i tillegg. Tysnes kommune ønskjer å gjera ei nærare vurdering om samansetning av flyktningar i høve til einslege mindreårige og anna.

Rådmannen vert beden om å utgreia konsekvensar av dette i ei sak til kommunestyre i løpet av desember 2015.